

Ved innlogging på nettsida blir det lagra informasjon om kven som loggar inn og kvar ein loggar inn frå. Hallingdølen nyttar informasjonen for å avdekka misbruk av abonnement. Brukarnamn og passord til Hallingdølen digitale produkt må ikkje delast med andre enn dei som er fastbuande på abonnentens bustadadresse. Eg forstår Abonnementvilkår

Hallingdølen kultur

TYSDAG 15. NOVEMBER 2016



OPNAR SHOWET: Marit Larsen. (Foto: Ingrid Pop)

[KJØP BILDE](#)  [FULL STØRRELSE](#) 

Klart for Sundreball

■ Marit Larsen kjem. Det same gjer Valentourettes og Biru Baby. Men Sundreball handlar framleis meir om festivalkjensla enn om dei store headlinerane.

Torunn Akersveen Lied

Publisert: 26.01.16 11:20 Oppdatert: 25.01.16 15:22

Skriv ut AAA

0

Like Share 0 G+1 0

– Det er noko med å skape festvilkjensla. At du har sett av kvelden eller helga for å reise på festival, men du veit ikkje heilt kva du skal få høyre. Overraskingsmomentet, at du plutseleg berre «jøss, dette var kult», i tillegg til god stemning utanom musikken.

Kvar sin kveld

Erlend Medgard er klar for runde tre. Saman med Øystein Etterlid arrangerer han festivalen Sundreball, som går av stabelen denne veka frå torsdag til laurdag. Tre konsertdagar midt på vinteren midt i Ål sentrum.

– Me prøver å lage noko meir ut av det enn ein fest der du må ha eit stort namn på plakaten for å få folk til å koma. Det skal vere arrangementet som er greia, det skal vere Sundreball. Alle skal kunne finne sin kveld. Det trur eg er viktig for å skape ein levedyktig festival, seier Etterlid.

Breitt program

Årets Sundreball-artistar er likevel ingen kven som helst. Torsdag opnar Marit Larsen festivalen. Fredag går Ziggy Wild og Biru Baby på scena med høvesvis estisk og samisk rock, og laurdag blir det barnekonserter og musikkquiz på dagtid. På kvelden heidrar Valentourettes Joachim «Jokke» Nielsen, lokale Svarteper byr på skranglete folkrock og countryrockbandet Ni Liv spelar opp.

– Årets lineup er vel den beste som har vore på Sundreball, så dette trur eg blir veldig moro. Det er ein kombinasjon av ganske kjente musikarar og litt meir ukjente. Det er veldig flinke folk som kjem og spelar for oss, og det skal vere variasjon og noko for alle, seier Medgard.

– Lavvoen er oppe. No står det berre att litt rigging, så er alt klart, seier Etterlid.

» «



UTVIDAR: I år blir det Sundreball-konsertar på to scener i Ål sentrum – inne på Sundrehall og i lavvoen utanfor. (Arkivfoto: Patricia Kühfuss)



RIGG: Lavvoen står alt klar. No er det berre for artistar og publikum å finne vegen til Sundreball, ein musikkfestival midt på vinteren.

Saker frå framsida [Gå til framsida](#)[Kjørde med promille](#)

Ein kvinneleg bilfører kjørde i rusa tilstand i Nesbyen.

[Kranqlar om honoraret](#)

Heilbillies krev ein konsertarrangør i Levanger for meir enn 850.000 kroner.



[E-cupdebut på Beitostølen](#)
[Skiskyttarforbundet slepper til juniorane under IBU-cupen på Beitostølen om halvanna...](#)
[Bygger for framtida](#)
[Nes kommune legg ned tre barnehagar – og bygger ein ny til 30 millionar.](#)



Annonse



Annonse

Annonse

DØDSANNONSAR

Søk i våre dødsannonsar frå 2011 til i dag.

Hallingdølen

Annonse



Annonse